



Adjustments spelar på Dønhaug i regi av jazzklubben på Husnes

Kulturkontoret har avsele søknaden frå Husnes Jazzklubb om underskotsgaranti til konserten i Dønhaugkjedlaren for ei veke sidan. Det var trioen Adjustments som spela.

I grunngevinga for avslaget peikar saksbehandlar Linda Øen på at underskotsgaranti ved opne kultursarrangement er meint som ein garanti og ikkje som eit direkte tilskot.

I retningslinene for tilskot heiter det at arrangementet må være realistisk og gjennomførbart og at det ikkje er høve til å budsjettera med eit underskot.

Budsjettet i jazzklubben sin søknad syner at det er udekka utgifter på 8000 kroner. Søknaden stør difor ikkje krava til løyving.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen